

## Sak 9 Honorar til lagstyret

### **Framlegg til styrehonorar (lagsstyret)**

Årsmøtet i 2023 diskuterte saka, og følgjande står i referatet:

Diskusjonen i årsmøtet viste generelt ei positiv innstilling til dette forslaget. Fleire deler bekymringa om rekruttering til tillitsvern og ser at det kviler eit spesielt stort ansvar på lagsstyret. Fleire nemnde også at andre organisasjonar har innført honorar. Det blei ein diskusjon rundt kva organ som skulle ta dette vidare, og det blei konkludert med at rådet burde komma med eit forslag til satsar og prinsipp. Vidare kan valnemnda føreslå fordeling frå år til år. Årsmøtet må til slutt vedta dette og fortsetta å vedta denne posten i budsjettet kvart år.

#### **Årsmøtet gjorde følgjande vedtak:**

*Årsmøtet har diskutert saka, og er positive til framlegget/styrehonorar. Rådet får i oppgåve om å komma med eit konkret framlegg til neste årsmøte om honorar for lagsstyret.*

#### **Rådet vedtok denne tilrådinga til årsmøtet i møtet 29.11 2023**

Årleg godtgjering på 25 000 kroner til leiaren og 10 000 kroner til nestleiaren. Styremedlemer får 500 kroner for kvart fysiske styremøte, 250 kroner for digital deltaking. Utbetalinga kjem i etterkant. Ordninga skal evaluerast etter to år.

#### **Framlegg til vedtak:**

*Årleg godtgjering på 25 000 kroner til leiaren og 10 000 kroner til nestleiaren. Styremedlemer får 500 kroner for kvart fysiske styremøte, 250 kroner for digital deltaking. Utbetalinga kjem i etterkant. Ordninga skal evaluerast etter to år.*

*Ordninga gjeld frå styreåret 2024.*